

## REGLEMENT FOR HÆGEBOSTAD KOMMUNESTYRE

Vedtatt av kommunestyret den 29.02.2024.

For sakshandsaming i kommunestyret gjeld Lov om kommuner og fylkeskommuner ( referert til som KL) sine reglar med fylgjande utfyllande føresegner, samt politisk sakshandsamingsreglement for Hægebostad kommune.

### § 1. PLASSERING I MØTESALEN. OPNE ELLER LUKKA MØTE

Kommunestyret sine medlemmar tek faste partivise plassar i kommunestyresalen. Kommunedirektøren sit på ordføraren si høgre side. Varamedlemmar som møter for eit fråverande medlem tek vedkomande sin plass.

Om opne eller lukka møter gjeld reglane i KL. kl. § 11-5.

### § 2. PRØVERØYSTING.

Før endeleg røysting i ei sak, kan kommunestyret vedta ei prøverøysting.

Er forslaget som skal bli stemt over delt inn i fleire punkt, bør det røystast over kvart enkelt punkt, og til slutt- i tilfelle også her etter ei prøverøysting- over heile forslaget.

### § 3. RØYSTEMÅTE.

Røystinga skal gjerast på ein av desse måtane:

a: Ved stillteiande godkjenning, når ingen uttalar seg mot eit forslag som møteleiaren set fram med spørsmål om nokon har noko å seie mot det.

b: Ved at møteleiaren oppfordrar dei som er mot eit forslag, til å reise seg eller å rekkja opp handa. Når møteleiaren bestemmer det eller eit anna medlem krev det, skal det haldast kontraprøve. Krav om kontraprøve må setjast fram straks etter at møteleiaren har sagt frå om resultatet av røystinga.

c: Ved namneoppnop, med ja eller nei til svar. Namneoppnop kan gjerast dersom det etter kontraprøve i.h.t. pkt. b framleis kan vere uklarheit om stemmegjevinga. Regelen om namneoppnop blir avgjort etter same reglar som ved krav om kontraprøvar. Oppnop skjer i.h.t. den same lista som blir nytta ved møtet si innleiing (§ 7 over).

Ved val og tilsetjingar gjeld reglane KL. § 8-1.

### § 4. FØRESPURNADER (INTERPELLASJONAR)- KL.§ 11-2.

Alle møtande medlemmar kan rette førespurnader til møteleiaren, også om saker som ikkje står på saklista (kl. § 11-2). Førespurnader som blir sette fram direkte i møte, kan det ikkje forlangast svar i same møte.

Førespurnader som er ønska besvarte i eit beramma møte, skal vere melde skriftleg til ordføraren minst 3 virkedagar før møtet. Er skriftleg førespurnad levert innan nemnde frist, skal skriftleg svar på førespurnaden ligge føre til aktuelt møte. Førespurnader som kommer inn etter fristen på 3 virkedager forsøkes svares ut i møtet dersom dette er mogleg.

Han eller ho som har sett fram førespurnaden og den som svarer på førespurnaden kan ta ordet inntil 2 gonger kvar.

Andre kan ikkje gjevast ordet meir enn ein gong.

Forslag som blir satt fram i tilknytning til førespurnaden, kan ikkje takast opp til realitetshandsaming om møteleiaren eller 1/3 av dei møtande medlem set seg mot det (KL. § 11-3).

Førespurnader som det ikkje blir svara på i møte, jfr. 1. avsnitt ovanfor, skal takast opp blant dei første sakane i neste kommunestyremøte.

Møteleiaren eller kommunestyret kan i enkelttilfelle tillate at ordskifte blir utvida.

### **§ 5. SENDENEMNDER**

Representantar frå velforeiningar, lag eller grupper som vil møte for kommunestyret og uttale seg om ei sak, skal dei melde frå om dette til ordføraren seinast dagen føre møtet.

Kommunestyret avgjer om representantane skal takast imot. Om dette blir godtatt, får representantane høve til å møte eit utval av kommunestyret sine medlem utanfor møtesalen. I utvalet bør dei ulike partigruppene vere representerte. Om ordføraren eller varaordføraren er medlem av utvalet, gjer hun eller han teneste som leiar. Elles vel utvalet sjølv ein leiar.

Etter å ha høyrte representantane sine fråsegn, og motteke eventuelle skriftlege dokument, gir leiaren av utvalet ei orientering om saka til kommunestyret.

Gjeld det ei sak som står på saklista, blir orienteringa gitt når denne saka blir teke opp til handsaming. I andre tilfelle, avgjer kommunestyret korleis henvendinga skal handsamast, jf. KL. § 11-3 og reglementet § 8 over, siste ledd.

### **§ 6. ORDEN I SALEN**

Møteleiaren skal sørgje for å oppretthalde god orden i møtesalen. Møteleiaren skal sjå til at dei som har fått ordet ikkje blir avbrotne eller uroa frå nokon kant. Om tilhøyrarane (publikum) ved meiningsytring eller på annan måte, forstyrrar forhandlingane eller elles opptre på ein måte som stridar mot god orden, kan møteleiaren eller kommunestyret påleggje vedkomande tilhøyrar eller samtlege tilhøyrarar, å forlate møtesalen.

Oppslag, teikningar, tabellar eller liknande, må ikkje vere oppsette i salen når det er møte, utan møteleiaren eller kommunestyret sin samtykke.

### **§ 7. DELERGERING AV MYNDE TIL ORDFØRER**

#### **Mynde ved hastesake**

Ordførar får delegert mynde jfr. KL § 11-8 til å treffe vedtak i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell art, som i reglementer er delegert til eit politisk utval, dersom utsetjing vil vere til ulempe for saka, anten pga. av tid eller andre tvingande grunnar, og det ikkje er mogleg å innkalle vedkomande utval. Som til dømes høyringsdokumenter. Dersom ordførar ser seg nøydte til å bruke denne delegerte mynda, skal vedkomande ved fyrste anledning referere si slutning for formannskapet.

### **Representasjon**

Ordfører får mynde til å møte på vegne av kommunen på årsmøter og generalforsamlinger i selskap og samanslutninger og liknande der Hægebostad kommune er deltakar/medeigar dersom det ikkje er gjort særleg vedtak om anna kommunal representasjon. Ordfører kan delegere denne mynde i kvart einskild tilfelle. Ordfører har anledning å gi passende gåver ved ulike anledningar.

### **Møte i representantskap**

Ordfører møter som kommunens representant på årsmøter, generalforsamlinger og representantskap, som angitt i § 6 i Lov om interkommunale selskaper, i selskap der kommunen er deltaker/medeier. Kommunens 1. vararepresentant er varaordfører og 2. vararepresentant er Tom Kenneth Høyland, Ap for perioden 2023 til 2027. Dette gjelder kun dersom det ikke er fattet andre vedtak om kommunal representasjon.

### **§ 8. REGLEMENTET TRER I KRAFT**

Reglementet trer i kraft straks, og gjelder for valgperioden, samt inntil nytt reglement er vedtatt.